

Barneblikksatsinga - årleg melding 2021

Barneblikk-satsinga har felles eigarskap og drift mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal. Barneblikk familieteam (BBF) er oppretta i 4 vertskommuner, tilråding om bredding i fylket vert lagt fram i 2022. Barneblikk familieteam tilbyr lavterskel og heilskapleg oppfølging til heile familien når nokon er berørt av rus eller psykisk vanskår.

I 2021 var det 414 personar som fekk oppfølging i Barneblikk familieteama. Dette er ei auke på ca. 60% frå 2020. Talet inkluderer 136 spebarn. I 2021 har stabiliteten i oppfølginga dessverre vore prega av mykje fråver og endringar i personalgruppa.

Lenke til nettsida: [Barneblikk - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](https://barneblikk-helse-more-og-romsdal.helse-mr.no)

Lenke til rapporten

Barneblikk familieteama (BBF) er lavterskel tilbod til småbornsfamiliar som er berørt av rus eller psykiske vanskår. og har 4 lokalisasjoner i Møre og Romsdal. Lokalisasjonen i Molde og Ålesund starta opp i 2018/19, medan Kristiansund og Ulstein starta opp hausten 2020.

Familiane som fekk oppfølging i Barneblikk familieteama i 2021:

Barneblikk familieteama treff to grupper familiar. Den eine gruppa er familiar med stor sårbarheit på mange livsområde og som treng tett regelmessig oppfølging over lang tid. Den andre gruppa er der foreldre har sårbarheit på nokre få livsområder som vert utfordrande ved livsendringar, t.d. når dei vert foreldre.

Lokalisasjonane	Antall familiar som fekk oppfølging i 2021	Antall personar som fekk oppfølging i 2021
BBF Kristiansund	18	86
BBF Ulstein	12	41
BBF (nye) Molde	71	169
BBF (nye) Ålesund	35	127
Totalt	136	414

Psykiske vanskår dominar i målgruppa, men det er ei svak auke der familien er berørt av utfordringar knytta til rus bruk. Foreldre og samarbeidspartnarar formidlar ofte nytteverdien av at BBF er eit familietilbod og har heilskapleg tilnærming. Familiane avgjer kva dei ønsker oppfølging på, desse temaene gjekk igjen i 2021:

- Samspill mellom foreldre og barn, familie/parforhold, pårøranderolle og nettverk
- Arbeid, utdanning, interesser, økonomi og gjeld
- Bo- og kvardagsfungering
- Stress, traumer og kritiske hendelser
- Psykisk helse,
- Fysisk helse, rus og rusadferd, kognitiv fungering

Dei tilsette i Barneblikk familieteama

Ei SWOT-analyse i november viser mellom anna at dei tilsette opplever det nyttig og motiverande å jobbe i tverrfaglege team, og å kunne hjelpe familien på ulike livsområder. Kvar lokalisasjon har ei leiargruppe som skal sikre drifta i samsvar med oppdraget.

Kvart Barneblikk familieteam har 50% stilling frå HMR, likt fordelt mellom BUP og Psykisk helsevern/rus. Vertskommunane stiller 100 % stilling, fordelt mellom helsestasjonen og psykisk

helseteneste/rus. Kommunane sine stillingar var finansiert av tilskudd frå Statsforvaltaren i 2021. Molde kommune har i tillegg valgt å auke stillingsdelen sin med 50%, og hadde tilsaman 200 % stilling i 2021. Det er store variasjonar mellom stillingsprosent og befolningsgrunnlag for dei fire BBFene.

Lokalisasjon	Oppstart	Stillinger	Befolknings-grunnlag
Barneblikk familieteam Ulstein	2020	150 %	8 539
Barneblikk familieteam Ålesund	2019	150 %	66 918
Barneblikk familieteam Molde	2018	200 %	32 014
Barneblikk familieteam Kristiansund	2020	150 %	24 002
Total		650%	131 473

Fleire av tenestene som har tilsette i Barneblikk familieteama har streva med sjukemeldingar, utdanningsløp, nedskjæringar og permisjonar som igjen har redusert personalressursen i BBFene. Dette har utfordra stabiliteten i oppfølginga til familiane. Det har vore særleg krevande i lokalisasjonen BBF Ålesund.

Journalføring

Sidan Barneblikk familieteama er eit tilbod til alle familiemedlemmene, vert det journalført på alle som er i kontakt. Journalsystema er lite tilpassa eit systemisk og familieretta tilbod. Det har også vore vanskeleg å halde oversikt over henvendelsar og ta ut statistikk.

Samkøyring av Barneblikk familieteama

Styringsgruppa vedtok ein samkøyningsplan i 2021 for å sikre eit likeverdig tilbod i dei fire lokalasjonane. Utarbeiding av felles prosedyrer er under arbeid.

Korona-pandemien si virkning på Barneblikk familieteama

For fleira av barna i Barneblikk familieteamaa var det høy risiko for skeivutvikling. Under pandemien har Barneblikk familieteama difor hatt tilnærma normal drift med fysiske konsultasjonar og heimebesøk. Ved konkrete symptom eller høgt smittetrykk vart telefon- og videokonsultasjonar nytta. I 2021 var ikke pandemien årsak til peronalmangel i tilboden.

Pandemien bidro til å redusere samarbeid på systemnivå. Fysiske møter var nødsynt i ein del av utviklingsarbeidet og har vore utsett fleire gonger.

Evaluering av satsinga

Barneblikk styringsgruppa starta evaluering av satsinga i 2021. Ein ser på tidlegare rapportar og erfaringar. I november vart det gjennomført ei SWOT-analyse om organiseringa, samhandlinga, bemanninga og kompetansen i Barneblikk familieteama. I tillegg vart det gjennomført kartlegging av målgruppa og drifta i 2021. Samla evaluatingsrapport med tilrådingar for vidare drift og bredding av tilboden skal vere ferdig våren 2022.

Avtale med Møreforskning om følgeforskning stoppa opp i 2021.